

Protokoll årsmøte 2022

Herand Bygdelag

1. Val av møteleiar og referent;

Møteleiar: Ole G. Vassel referent: Kaia Gulbrandsen

2. Val av to personar til å underteikne protokollen;

Arne Bergstø og Ingrid Stranden Haavik

3. Godkjenning av innkalling og dagsorden;

Godkjent, ingen kommentar

4. Framlegg av årsmelding for 2022;

Årsmeldinga er godkjent.

5. Framlegg av revidert rekneskap for 2022;

Rekneskapen er godkjent.

6. Framlegg av budsjett for 2023;

Budsjettet er godkjent.

7. Val av styremedlemmer og varamedlemmer;

Ole Gisle Vassel (attval), valt for to år.

Kaia Gulbrandsen (attval), valt for to år.

Jon-Harald Huus (ny i styret), valt for to år.

Guri Bugge (ny i styret), valt for to år.

Varafolk; 1. Oddmund Skeie (attval) 2. Ingrid Stranden Haavik 3. Jon Steinar Skeie. Alle valt for eit år.

(styremedlemmer ikkje på val; Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Veslemøy Aarseth Mjelde)

8. Val av styreleiar;

Framlegg: Ole Gisle Vassel (attval), valt for et år.

9. Val av revisor;

Framlegg: Einar Samland (attval), valt for eit år

10. Val av valnemnd;

Inger Johanne Linjord, 1 år

Sigmund Eiken, 2 år

Reidun Haugen Dalseth, 3 år

11. Innkommen sak om kompensasjon av leiar- og kasserarvervet.

Forslag: «Å gje leiar og kasserar eit honorar på min. 5000,- pr år.»

Forslaget vart einstemmig vedteke (15 røyster), og er gjeldande frå inneverande år. Årsmøtet sette honoraret til kr. 5000,- pr år. Sitjande leiar og kasserar deltok ikkje i avstemminga.

12. Infosak om kapital til ny butikk i bygda frå Herand bygdelag.

Lånekapital på kr 600.000,- er oppfylt med 22 lånegjevarar.

Kassakreditt på kr. 400.000,- står pr no i 67.000,-. Det jobbast med fleire bidrag.

13. Infosak om økonomisk situasjon i Herand Omsorgsbustader A/S.

Selskapet har anstrengt økonomi etter at stimuleringstilskot frå staten på om lag kr 100.000,- pr år tok slutt i 2020 (det statlege tilskotet gjaldt for ein periode på 20 år). Gjenstående lånegjeld er på om lag 1.3 million, nedbetalingstid er 30 år (til 2030). Avtalen mellom Herand omsorgsbustader A/S og kommunen er gått ut og det pågår forhandlingar om ny avtale, inntil vidare gjeld avtalen som vart oppretta med Jondal kommune i 2000. Bygdelaget ynskjer at kommunen framleis leiger alle 5 einingane.

Det møtte 17 røysteføre medlemmer på årsmøte.

Herand, 26.03.23

